



# Kulturlokale i Sandefjord kommune

Utdrag frå statistikk frå ei kartlegging av lokale som blir brukt av frivillige kulturorganisasjonar i Sandefjord kommune

**KULTUR**ALLIANSEN

## INNHALD

|   |    |
|---|----|
| 1. Kartlegging av .....                                     | 3  |
| Sandefjord kommune .....                                    | 3  |
| Hovudfunn .....   | 3  |
| Eigarskap .....   | 3  |
| Tilgjengelegheit.....                                       | 3  |
| Tilbakemeldingar frå brukarane .....                        | 3  |
| Planar og strategiar i Sandefjord kommune .....             | 4  |
| Tilrådingar .....   | 4  |
| Sluttmerknad om kartlegginga .....                          | 4  |
| 2. Om prosjektet .....                                      | 5  |
| Kvifor kartlegge? .....                                     | 5  |
| Korleis har me jobba med kartlegginga? .....                | 5  |
| Om Kulturalliansen .....                                    | 6  |
| Om kartlegginga i Sandefjord .....                          | 6  |
| 3. Talgrunnlag Sandefjord kommune.....                      | 7  |
| Aktivitatar fordelt på kulturuttrykk .....                  | 7  |
| Kven eig romma som blir brukt .....                         | 8  |
| Når er husa bygd.....                                       | 9  |
| Kor ligg romma .....  | 10 |
| Kva blir lokala brukt til .....                             | 12 |
| Kor store er romma .....                                    | 13 |
| Tilgjengelegheit.....                                       | 14 |
| Tilgang på lager.....                                       | 15 |
| Bakgrunnsstøy .....   | 15 |
| Rom og hus som er med i undersøkinga.....                   | 16 |
| Lag og foreiningar med aktivitet i dei kartlagde romma..... | 18 |
| 4. Bilete frå kommunen .....                                | 19 |

# 1. KARTLEGGING AV SANDEFJORD KOMMUNE

## Hovudfunn

Det er kartlagt 49 hus og 88 rom i Sandefjord kommune. Både kyrkjer, kommunalt eigde skuler og organisasjonseigde hus er med i kartlegginga.

Musikk peiker seg ut som det største kulturuttrykket i kommunen med ein rekke ulike korps, kor, band og orkester. Teater peiker seg òg ut som ein stor aktivitet i kommunen.



## Eigarskap

Det er kommunens lokale som blir mest brukt til kulturaktivitetar i Sandefjord. Meir enn alle andre type eigarar til saman. Dette er stort sett skulebygg. I tillegg kjem dei vidaregåande skulene som fylkeskommunen eig.

Det er litt vanskeleg å talfeste kor mange organisasjonseigde hus som er i bruk, då fleire av dei typiske grendehusa er registrert som privat eigde. Men om ein ser private og lagseigde hus saman utgjer dei nesten 25% av alle øvingslokala, og 20% av framføringslokala. Det er òg grendehus i kommunal eige i Sandefjord.

## Tilgjengelegheit

Som i andre kommunar er det eit forbettringspotensiale i Sandefjord når det gjeld universell utforming av kulturlokala i kommunen. Når det gjeld tilkomst ligg Sandefjord godt over gjennomsnittet av dei kartlagde kommunane så langt, men teleslynge eller andre hjelpemiddel for dei med nedsett høyreevne er det veldig få av lokala som har tilrettelagt for.

## Tilbakemeldingar frå brukarane

Fleire av dei som har svart på undersøkinga peiker på rom for forbetringar av lokala. Det vere seg ønskje om større lagerkapasitet, ventilasjon, temperatur eller lyddemping. Her løfter me fram eit lite utval oppsummerte tilbakemeldingar om tre ulike lokale:

«**Solhaug**» (bygd 1894) har ei god scene å spele teater på, men det blir kaldt om vinteren. Her har det kome inn forslag om varmpumpe.

«**Kurbadet**» (bygd 1837) har gode lydforhold, men har utfordringar med tilkomsten og ventilasjon.

«**Kantina**» på Andebu ungdomsskole (bygd 1968) har nokre utfordringar knytt til lyd, og her har det kome forslag om gardiner til lyddemping.

## Planar og strategiar i Sandefjord kommune

Sandefjord kommune har fleire planar og strategiar som er relevante for kulturlokala og det lokale kulturlivet i kommunen. Først og fremst *Temaplan kultur 2021-2031*, men òg *Strategisk kultur-, idrett- og fritidsplan 2019-2031*, *Helhetlig plan for fritidsaktiviteter for ungdom 2023-2026*. Kommunen hadde òg ein god *Frivillighetsplan 2019-2023* som vonleg blir følgt opp med ein ny plan no som 2023 er forbi.

I *Temaplan kultur* står det som ein del av strategien under punktet *De gode møteplassene*: «Etablere forståelse for at kommunale bygg, også er lokale kulturbygg, som må planlegges ut fra visse kriterier. Eksempler på dette er skole og sykehjem.» Dette er eit veldig godt utgangspunkt når me ser at størstedelen av dei frivillige kulturaktivitetane i denne kartlegginga brukar nettopp skulene som øvingsarena. I tiltaka som blir lista opp under kan det sjå ut som kommunen først og fremst tenkjer på *framtidige* skuler som lokale kulturbygg, men skriv ingenting om dei eksisterande bygga som faktisk er i utstrekt bruk. I *Strategisk kultur-, idrett- og fritidsplan* står det heldigvis at kommunen vil prioritere å legge til rett for eigna lokale for kulturaktivitetar ved bygging og *ombygging* av skuler.

I *Helhetlig plan for fritidsaktiviteter for ungdom* står det at kommunen bør vurdere korleis skulene kan bli brukt til aktivitetar for barn- og unge etter skuletid. Men om lokala er *eigna* til aktiviteten tek ikkje planen omsyn til.

Når det gjeld andre type kulturlokale enn kommunens eigne bygg er det lite å finne i planverket.

## Tilrådingar

Me oppmodar kommunen til å vere særleg merksam på akustikk og lydforhold. Også mange utan høyringsletap har behov eller god nytte av betre lytteforhold. Særleg barn med ADHD, autisme, lese- og skrivevanskar, generelle lærevanskar, og eldre vil ha behov for eit betre lydmiljø. Dette gjeld òg dei med eit anna morsmål. Her vil t.d. teleslynge, auracast og gode akustikkforhold gjere at aktivitetar og framføringar når ei meir mangfaldig ålmente; både som utøvarar og som publikum. Det var særst få av dei registrerte lokala som hadde teleslynge eller tilsvarende tilbod.

Sjølv om Sandefjord ligg over snittet når det gjeld universell tilkomst, bør det bli lagt ned eit arbeid for å få dekkja inn dei siste 20-30% av lokala.

Ingen av dei kartlagde kulturlokala hadde akustikkmålingar i Norsk Musikkråds database. Det er riktig nok gjort ei akustikkundersøking ved Sande skole, men denne skulen er ikkje med i vår kartlegging. Me oppmodar til slutt kommunen om å lage ein plan for å gjere eksisterande lokale betre eigna for dei aktivitetane som er der. Det treng ikkje vere store investeringar for å gjere eit lokale betre eigna. På [www.kulturlokaler.no](http://www.kulturlokaler.no) finst det rettleiarar og sjekkelister som er gode utgangspunkt for ein slik plan.

## Sluttmerknad om kartlegginga

I Sandefjord har det vore to ulike aktørar inne som kartleggarar. Frilynt Norge begynte på eit arbeid, som så har blitt overtatt av Vestfold og Telemark kulturnettverk. Det blei oppdaga noko dobbeltarbeid som blei rydda opp i etter at kartlegginga var gjennomført. I siste fase av rapportskrivinga innsåg underteikna at «Globusgården» og «Dronningens gate 1» var det same huset. Denne dobbeltføringa har ikkje blitt korrigert i talgrunnlaget

## 2. OM PROSJEKTET

### Kvifor kartlegge?

Å ha tilgang til eigna lokale er den viktigaste einskildfaktoren for å sikre eit levande kulturliv over heile landet. Diverre er dette mangelvare, særleg for dei lokale frivillige kulturorganisasjonane. Sjølv om mange kommunar har godt oversyn over sine eigne kulturlokale, så er saknet etter ei uttømmende og landsomfattande kartlegging stort. Kulturalliansen har difor, i samarbeid med Norsk musikkråd og Kulturrom, teke initiativ til å gjennomføre dette. Me får støtte frå Kulturdepartementet og Sparebankstiftinga til kartlegginga, og har brei støtte hos fylkeskommunar, politikarar og – ikkje minst – frå kultursektoren og våre eigne medlemmar.

Kulturalliansens kartlegging omfattar lokale som blir brukt av det frivillige kulturlivet i ein kommune. Målet med kartlegginga er å gi kommunen eit grunnlag for å lage ein plan for sine kulturarenaer, og eit utgangspunkt for dialog med dei frivillige organisasjonane om tilstand og behov.

For å kunne samanlikne Sandefjord kommune med relevante tal, har me valt å bruke tal frå den første samlingsrapporten over 25 kommunar («Kartlegging av 25 kommuner»). Hovudfunna i rapporten er:

- Dei fleste laga har øving og framføring i kommunale og organisasjonseigde bygg
- 76% av musikkøvingane er i lokale som ikkje er akustisk eigna for aktiviteten
- Dei fleste korpsa, og mange band, øver i skulebygg
- Ein tredjedel av alle kor øver i kyrkjer, og endå fleire held konsertane sine der
- Grendehusa er arena for mange teatergrupper, band og danselag
- 49,2% av lokala er laga øver i er tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne
- Aktivitetane er ikkje tilstrekkeleg tilgang til lager
- Det er eit stort behov for oppgradering av organisasjonseigde bygg

### Korleis har me jobba med kartlegginga?

Hovudmålet for prosjektet er å gi kunnskap om lokale som blir brukt til kulturføremål – kven som er eigar, kven som brukar dei, og om dei er eigna til den bruken dei har. Med det nye kartleggingsverktøyet skal dei viktigaste opplysningane om lokala bli registrert, og sett i samanheng. I hovudsak er det det frivillige kulturlivet sjølv som står for kartlegginga, mot eit lite dugnadstilskot. Me ser òg at fylkeskommunane er interessert, og oppmodar kommunane til å ta eit ansvar, noko fleire kommunar òg har gjort. Kulturalliansen samarbeider på mange for å på best mogleg måte nå fram i kvar kommune.

Sjølve databasen består av kartleggingar av rom, lokale, arenaer og hus som blir brukt i kultursamanheng. Både til øvingar, undervising, produksjon, førestillingar og framsyningar. Kartlegginga fangar ikkje berre opp dei mest sentrale opplysningane om lokala, men òg kva røymsler brukarane sjølv har av lys- og lydforhold, lager, ventilasjon og tilgang. Brukarane har i tillegg høve til å forklare kva dei er særleg nøgd eller misnøgd med. Heile databasen ligg tilgjengeleg på <https://database.musikklokaler.no/kultur>.

Av erfaring er dette innsikt og kunnskap som mange kommunar er interesserte i, sidan dei gjerne får spørsmål frå ulike aktørar om tilgang til lokale. Kommunane har òg eit ansvar for å sørge for at det er ei likehandsaming mellom ulike frivillige aktørar når det gjeld anlegg og lokale. Då er det viktig med kunnskap om kven aktørane er, kva behov dei har, og kva som eventuelt er utfordringane. Både knytt til kor godt eigna dei er til aktiviteten, eller om det er god nok tilgang.

Me tilrår òg ressursida [Kulturlokaler.no](https://kulturlokaler.no). Der kan du finne råd og rettleiingar om utbetring av eksisterande lokale og bygging av nye kulturbygg, med sjekklister for rom til ulike typar bruk.

## Om Kulturalliansen

Kulturalliansen er ein paraply for frivillige kulturorganisasjonar, skipa 5. september 2016.

Kulturalliansen vil:

- Styrke det frivillige, organiserte kulturlivets posisjon og rammevilkår i samfunnet
- Levere faktabaserte råd og innspel til medlemmar, politikarar, departement og kommunar for oppnå dette

Vi er:

- Felles talerøyr for det organiserte frivillige kulturlivet
- Møteplass for organisasjonane
- Kompetansebase for faktabaserte analyser om rammevilkår og behov for det frivillige kulturlivet

Våre medlemmar:

- Vi har i dag 35 medlemsorganisasjonar som engasjerer seg innan musikk, song, korps, dans, teater, revy, kulturarv, læring, gaming og laiving.

Kulturalliansen blir støtta av Kulturdepartementet og Sparebankstiftinga.

## Om kartlegginga i Sandefjord

I Sandefjord kommune begynte Frilynt Norge på kartlegginga, men blei overtatt og gjennomført av Vestfold og Telemark kulturnettverk. Dei fullførte kartlegginga i oktober 2023. Kulturalliansen takkar for god innsats.

Det er Torbjørn Bergwitz Lauen frå Kulturalliansen som har skrive rapporten.

Me ønskjer dykk lukke til vidare med arbeidet!

// Januar 2024


### 3. TALGRUNNLAG SANDEFJORD KOMMUNE

#### Aktivitetar fordelt på kulturuttrykk

Rom som blir brukt av kvart kulturuttrykk

| Type aktivitet | Antal     |
|----------------|-----------|
| Musikk         | 33        |
| Teater         | 5         |
| Dans           | 1         |
| Utstilling     | 0         |
| Husflid        | 1         |
| Anna           | 0         |
| <b>Sum</b>     | <b>40</b> |

| Type aktivitet, musikk | Antal     |
|------------------------|-----------|
| Kor                    | 10        |
| Anna lydsvak           | 1         |
| Korps                  | 15        |
| Anna lydsterk          | 7         |
| Band                   | 0         |
| Anna forsterka         | 0         |
| <b>Sum</b>             | <b>33</b> |




Lydsvak musikk (Akustisk lydsvak musikk): Musikk som i hovudsak blir framført med lydsvake instrument eller song. Typiske grupper er songkor, vokalensemble, visegrupper, strykeorkester og grupper med strengeinstrument (t.d. gitar) utan forsterking.

#### Forsterka musikk:

Forsterka musikk omfattar all musikk som formidlast via forsterkar- eller PA-anlegg, dvs. pop- og rockeband (inkl. elektronika), jazzband, vokalgrupper, storband samt musikalar eller liknande, der lyd hovudsakleg blir spreidd gjennom forsterkaranlegg.

#### Lydsterk musikk (Akustisk lydsterk musikk):

Musikk som i hovudsak blir framført med akustiske instrument som produserer kraftig lyd. Typiske gruppe er brassband, janitsjarkorps, storband og symfoniorkester med blåsegrupper. Slagverk og operasjon går òg inn i denne kategorien.




## Kven eig romma som blir brukt


| Eigartype     | Rom       | Aktivitet øving | Aktivitet framføring |
|---------------|-----------|-----------------|----------------------|
| Kommune       | 57        | 55              | 33                   |
| Fylkeskommune | 4         | 4               | 3                    |
| Stat          | 0         | 0               | 0                    |
| Lag           | 7         | 7               | 5                    |
| Trussamfunn   | 3         | 3               | 3                    |
| Privat        | 14        | 13              | 4                    |
| <b>SUM</b>    | <b>85</b> | <b>82</b>       | <b>48</b>            |

Eigarskap til romma er interessant fordi det seier noko om kven som har ansvar for – og høve til – å betre standarden og å tilpasse lokala til ulike kulturaktivitetar. Det seier òg noko om kva tilskot som kan være aktuelt å søke for å få til utbetringar.


### Kven eig kulturlokala



### Kven eig øvingsromma



### Kven eig framføringsromma






## Når er husa bygd

| Byggeår    | Antal     |
|------------|-----------|
| Før 1800   | 4         |
| 1800-1899  | 6         |
| 1900-1949  | 6         |
| 1950-1979  | 11        |
| Etter 1980 | 13        |
| <b>Sum</b> | <b>40</b> |

Byggeår er interessant då nye reglar for tryggleik, HMS og tilgjenge kan føre til krav om utbetringar, i tillegg til utfordringane med å gjere lokala betre eigna for aktiviteten skjer – eller kan skje – i romma.




## Kor ligg romma



| Type hus     | Antal rom |
|--------------|-----------|
| Skule        | 33        |
| Kulturlokale | 17        |
| Annet        | 35        |
| <b>Sum</b>   | <b>85</b> |

Desse tala viser kva romma er registrert som at dei *kan* bli brukt til.

Eit rom kan bli brukt til både øving og framføring. Difor kan summene i tabellane vere ulike.




| Hustype      | Undertype                       | Øving     | Framføring |
|--------------|---------------------------------|-----------|------------|
| Skule        | Barneskule                      | 11        | 4          |
| Skule        | Ungdomsskule                    | 14        | 7          |
| Skule        | BU-skule                        | 2         | 0          |
| Skule        | Vidaregåande                    | 5         | 4          |
| Kulturlokale | Samfunns-/ungdomshus            | 9         | 5          |
| Kulturlokale | Kulturhus                       | 7         | 4          |
| Anna         | Kyrkjebygg (Den norske kirke)   | 20        | 13         |
| Anna         | Menighetshus (Den norske kirke) | 2         | 1          |
| Anna         | Lokale for andre livssyn        | 3         | 3          |
| Anna         | Eldresenter/sjukeheim           | 2         | 1          |
| Anna         | Barnehage                       | 1         | 1          |
| Anna         | Anna                            | 6         | 5          |
| <b>Sum</b>   |                                 | <b>82</b> | <b>48</b>  |



## Kva blir lokala brukt til


### Romma blir brukt til

|                          |           |
|--------------------------|-----------|
| Både øving og framføring | 48        |
| Berre øving/undervisning | 34        |
| Berre framføring         | 0         |
| For tida ikkje i bruk    | 3         |
| <b>Sum</b>               | <b>85</b> |



## Kor store er romma

| Romstorleik              | Antal |
|--------------------------|-------|
| 0-100 m <sup>3</sup>     | 3     |
| 100-200 m <sup>3</sup>   | 11    |
| 200-500 m <sup>3</sup>   | 20    |
| 500-1000 m <sup>3</sup>  | 24    |
| 1000-2000 m <sup>3</sup> | 17    |
| over 2000 m <sup>3</sup> | 10    |




Kor stort rommet er tilhøvet mellom lengde og breidde, samt takhøgda, er svært viktig akustikken og kor mange utøvarar/publikum romme er eigna for. Øver eller framfører du i lokale som ikkje er stort nok eller har god nok akustikk, så kan det føre til dårlegare trivsel, og dårlegare kunstnarisk resultat. I alvorlege tilfelle kan det òg føre til helseskadar som tinnitus og hovudpine.

Eit vanleg klasserom er ofte omlag 80 m<sup>3</sup> og ei takhøgde på ca. 2,7 m – eit volum på ca. 220 m<sup>3</sup>. Gymsalar (eldre type) har ofte mål på ca. 10x20 m med 5 m takhøgde – eit volum på ca. 1000 m<sup>3</sup>. Mange aktivitetar treng store rom til aktiviteten sin, t.d. skulekorps med 35 medlemmar har behov for ca. 1 500 m<sup>3</sup>.

Informasjon om krav til rom som blir brukt til musikk-aktivitetar finn du her: [Musikklokaler.no](https://www.musikklokaler.no)

## Tilgjengelegheit


| Type                  | Øving     | Øving | Framføring | Framføring |
|-----------------------|-----------|-------|------------|------------|
| Dørbreidde min. 0,9 m | 67        | 82 %  | 38         | 79 %       |
| Trinnfri tilgang      | 54        | 66 %  | 34         | 71 %       |
| Teleslynge            | 5         | 6 %   | 4          | 8 %        |
| HC WC i nærleiken     | 59        | 72 %  | 34         | 71 %       |
| <b>Alle øvingsrom</b> | <b>82</b> |       | <b>48</b>  |            |



Auka krav til tilgjengelegheit gjer att dette må bli planlagt inn om du skal gjere endringar i romma.


## Tilgang på lager

|            | Øving     | Øving | Framføring | Framføring |
|------------|-----------|-------|------------|------------|
| Utan lager | 41        | 50 %  | 21         | 44 %       |
| Med lager  | 41        | 50 %  | 27         | 56 %       |
| <b>Sum</b> | <b>82</b> |       | <b>48</b>  |            |



## Bakgrunnsstøy

|               | Øving     | Øving | Framføring | Framføring |
|---------------|-----------|-------|------------|------------|
| Ikkje høyrbar | 31        | 44 %  | 22         | 52 %       |
| Høyrbar       | 33        | 46 %  | 16         | 38 %       |
| Sjenerande    | 7         | 10 %  | 4          | 10 %       |
| <b>Sum</b>    | <b>71</b> |       | <b>42</b>  |            |



## Rom og hus som er med i undersøkinga

Følgjande hus og rom er med i kartlegginga:

|                               |                         |
|-------------------------------|-------------------------|
| Adventkirken                  | Kirkerommet             |
|                               | Sidesal                 |
| Andebu kirke                  | Kirkerom                |
| Andebu menighetshus           | Storsalen               |
| Andebu ungdomsskole           | Kantina                 |
|                               | Rom 109                 |
| Arnadal kirke                 | Kirkerommet             |
|                               | Arnadal tilstøtende rom |
| Breidablikk grendehus Valhall | Kor-rom                 |
|                               | Kantine/kjøkken         |
|                               | Hovedrom                |
|                               | Dans                    |
| Breidablikk ungdomsskole      | Lille gymsal            |
|                               | Store gymsal            |
|                               | Foaje                   |
| Bugården kirke                | Kirkerommet hovedsak    |
|                               | Sidesal                 |
| Bugården ungdomsskole         | Kantina                 |
| Byskolen                      | Musikkrommet            |
| Dronningens gate 1            | Rom                     |
| Engveiensenteret              | Hovedrom                |
|                               | Øverom                  |
| Framnes skole                 | Gymsal                  |
| Frilynt Norge                 | U4                      |
| Furustad grendehus            | Hovedrom                |
| Globusgården                  | 4.etasje                |
| Haugar Ungdomslokale          | Storsal                 |
| Haukerød skole                | Aula                    |
| Helgerød skole                | Musikkrom               |
| Hjertnes kulturhus            | Hjertnes                |
|                               | Foaje                   |
|                               | Harmoni                 |
| Høyjord stavkirke             | Kirkerommet             |
|                               | Tilstøtende bygning     |
| Kodal kirke                   | Kirkerommet             |
|                               | Kirkestue               |
| Kurbadet                      | Vestre sal              |
|                               | Loft vest, nord         |
|                               | Sal vest                |
|                               | Sal øst                 |
| Melsom skole                  | Storsalen               |



|                               |                                      |
|-------------------------------|--------------------------------------|
|                               | Musikkrom                            |
|                               | Gymsal                               |
|                               | Kunst og håndverksrom                |
|                               | Sløydsal                             |
| Melsomvik kirken              | Kirkerommet                          |
|                               | Kirkestue                            |
| Mosserød skole                | Gymsal                               |
|                               | Musikkrom                            |
| Parken-senteret               | Spisesalen                           |
| Ranvik ungdomsskole           | Aula                                 |
|                               | Musikkrom                            |
| Sandar kirke                  | Kirkerommet                          |
|                               | Olavskapellet                        |
|                               | Menighetssalen hovedrom              |
|                               | Menighetssalen siderom               |
| Sandefjord herredshus         | Hovedrom                             |
| Sandefjord kirke              | Kirkerommet                          |
| Sandefjord kulturskole        | Flygelsalen                          |
| Sandefjord videregående skole | Borgsalen                            |
| Sandefjord videregående skole | Auditorium                           |
|                               | Forum                                |
|                               | Øverom                               |
| Skagerak international school | Auditorie main                       |
|                               | Auditorie beta                       |
| Skjee kirke                   | Kirkerommet                          |
| Sole barnehage                | Storsalen                            |
| Solhaug                       | Storsalen                            |
| Stokke kirke                  | Kirkerommet                          |
|                               | Tunet menighetshus møte/gruppe 2.etg |
|                               | Tunet entre                          |
|                               | Tunet menighetshus hovedrom          |
| Stokke ungdomsskole           | Aula                                 |
|                               | Musikkrom                            |
|                               | Øverom 1                             |
|                               | Øverom 2                             |
| Store Bergan kirkesenter      | Rom 6                                |
| Torp konferransesenter        | Konferansesal                        |
| Undelstvedtveien 66           | Revylåven                            |
| Varden grendehus              | Hovedrom                             |
| Varden ungdomsskole           | Aula                                 |
|                               | Gymsal                               |
| Verdensteatret                | Salen                                |
| Vesterøy kirke                | Kirkerommet                          |
| Vonheim                       | Hovedrom                             |

## Lag og foreiningar med aktivitet i dei kartlagde romma

### Lag og foreiningar

Andebu barneteater  
Andebu Skolers Musikkorps  
Breidablikk teaterverksted  
Dacapo  
Damekoret kvinner og klang  
Fjorden sanitetsforening trommekorps  
Framnes foreldrekorps  
Framnes musikkorps  
Haukerød skolekorps  
Haukerød veterankorps  
Hvalkjeften  
Høyjord ungdomslag  
Høyjordrevyen  
Kodal ungdomslag  
Kvinner og Klang  
Opus One big band  
Sandarringen  
Sandefjord brass symposium  
Sandefjord gutte- og jentekorps  
Sandefjord kammerkor  
Sandefjord musikkorps  
Sandefjord sangforening  
Sandefjord swingklubb  
Sandefjord teaterforening  
Sandefjord trekkspillorkester  
Sandefjord vokalensemble  
Stella polaris  
Stokke revygruppe  
Store Bergan skolekorps  
Torsketruten  
Vestas sangskole  
Vestfold operakor  
Vestfold symfoniorkester


## 4. BILETE FRÅ KOMMUNEN



Sole barnehage



Hjertnes kulturhus



Sandar kirke



Høyjord stavkirke



Melsom skole



Framnes skole



Breidablikk grendehus Valhall

# Alle rapportar

- Nr. 0-2018 Kanalisering av midler til frivillige kulturaktører
- Nr. 1-2018 Kulturalliansens tilstandsrapport for det frivillige kulturlivet 2018
- Nr. 2-2021 Rom for kultur – rapport etter kartlegging av 8 pilotkommuner
- Nr. 3-2022 Rapport etter kartlegging av 25 kommuner
- Nr. 4-2022 Rapport etter kartlegging av Strand kommune
- Nr. 5-2022 Kulturalliansens tilstandsrapport for det frivillige kulturliv 2022
- Nr. 6-2022 Kulturalliansens rapport om kommunale kulturråd
- Nr. 7-2022 Rapport etter kartlegging av Rælingen kommune
- Nr. 8-2022 Rapport etter kartlegging av Time kommune
- Nr. 9-2022 Rapport etter kartlegging av Ringerike kommune
- Nr. 10-2023 Rapport etter kartlegging av Vågå kommune
- Nr. 11-2023 Rapport etter kartlegging av Porsgrunn kommune
- Nr. 12-2023 Rapport etter kartlegging av Sortland kommune
- Nr. 13-2023 Rapport etter kartlegging av Nes kommune
- Nr. 14-2023 Rapport etter kartlegging av Kongsberg kommune
- Nr. 15-2023 Rapport etter kartlegging av Åsnes kommune
- Nr. 16-2023 Rapport etter kartlegging av Hole kommune
- Nr. 17-2023 Rapport etter kartlegging av Steinkjer kommune
- Nr. 18-2024 Rapport etter kartlegging av Snåsa kommune
- Nr. 19-2024 Rapport etter kartlegging av Sandefjord kommune

**KULTURALLIANSEN**

Kulturalliansen, Øvre Slottsgate 2b, 0157 Oslo, kultur@kulturalliansen.no  
www.kulturalliansen.no